



Barnetrimmen og idrettsskolen i aksjon saman. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalsturnarar i alle aldrar slo seg saman, feira turngruppas første tretti år og innleia jula i Aktivitetshuset på onsdagskvelden. Det var ei vellukka samling som synte at Uskedalen har hatt mange spreke folk – og har det framleis.



Super-veteran Astrid Haugland med turngruppas maskot frå 1987 og sin eigen personlege maskot – Pål Ingmar (snart to år). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter juleoppvisninga i 1985 skreiv Grenda at turnsporten blomstra i bygda vår og at det hadde mykje samanheng med at det hadde vore interesserte og dyktige leiarar, mintes ein av veteranene som framleis held ut – Gunvor Myklebust. Dei orda gjeld også i dag. Turnsporten blomstrar framleis.

Gunvor marsjerte inn i spissen for ein original og imponerende 'draktparade' som synte kor flinke Uskedalsdamene var til å delta i stemner land og strand rundt mot slutten av det førre hundreåret. Men i 2001 vart det brått slutt. Sidan har ikkje uskedelingar vore stemnedeltakarar og grunnen til det er ikkje så lett å finna.

Astrid Haugland var med i tilsaman 29 lands-, krets og Vestlandsstemner i ein 20-årsperiode, som deltakar eller instruktør. Ho har heller ikkje lagt inn årene, men er framleis aktiv som instruktør.

Uskedalen.no spurde henne om kva for eitt stemne ho mintes med størst glede, og svaret kom kvikt: . - Det var det første landsturnstemnet vi drog til, i Kristiansand i 1986. Eg minnest særleg at veret var så vakkert og at vi budde så fint, Men også det første landsturnstemnet for jentene i Mandal året etter var ei stor oppleving, fortalde ho.

- Og du kjem til å halda fram ei stund til?

- Jau, eg har gått på eit år til, og held fram så lenge dei som er med på laget mitt tykkjer det er kjekt. Men det er jo eigentleg på høg tid å sleppa til yngre krefter...

Gunvor mintes at gymnastikksalen ved skulen vart i minste laget i 1985, for leikpartiet hadde mellom 30 og 40 deltakarar. Tilsaman var over 100 med på juleoppvisninga og Grenda skreiv om uskedelingane si von om at det skulle bli fortgang med nytt aktivitetshus eller idrettshall! Det tok si tid, men hallen kom!

Etter at veterandamane hadde gjort historia levande og det var synt bilete på veggene frå dei 30 åra, kom turen til dei som no er unge i turngruppa. Først var dei yngste, frå barnetrimmen og idrettsskolen, i aksjon og så kom

turen til aerobic-jentene. Leiar Hege Lekva hadde velfortente blomar til dei seks som no tek eit tak som instruktørar: Hilde Bringedal, Merete Haugland Røstbø, Åse Isdal Rebaudo, Astrid Haugland, Anette Sundt og Gunvor Myklebust.

Og så kom julenissene.....

Av Ola Matti Mathisen



Fem av dei seks som leiar Hege Lekva hadde velfortente blomar til: Hilde Bringedal, Merete Haugland Røstbø, Åse Isdal Rebaudo, Gunvor Myklebust og Astrid Haugland. Anette Sundt var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)